

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Att.: Sveinar Morsund

Isdalstø, 29.11.2016

### Tilleggsinformasjon GBNR 196/149 Midtgård.

Vi viser til mottatt brev med førebels svar i denne byggjesaka.

Pkt. 1.

Terrengmuren som går i skråninga på nordaustsida av huset er flytta innafor byggjegrensa. Det er framleis god plass for passasje med bil. Det er ikkje tenkt å ha køyreveg på vestsida. Dette har vi no gjort synleg/tydelig på situasjonsplanen.

Pkt.2.

Vi legg ved signert erklæring frå næraste naboar på b.nr. 146 vedkomande terrengmur/skjæring på sørsida av huset. Det er ikkje etablert styre i sameiget på b.nr. 146 og vi meiner difor at signatur til næraste nabohus må være gyldig. Dette kan eventuelt oppdaterast når det er etablert styre i sameiget. Skjæringa vil ikkje komme i grensa, men eit lite stykke inn på bnr 149, sjå situasjonsplan/terrengsnitt.

Pkt. 3.

Vi viser til profil 2 som gjeld terrengsnitt i sør mot bnr 146. Terrenghøgda er vist med tjukk samanhengande strek og avstand frå denne til planert terreng tilsvarer rimelig godt høgden på skjæringa. Ut frå dette ser vi at den er om lag 1,5 meter unnateke eit svært lite parti der høgden er ca 2,5-3 meter ved det søraustlege hjørnet av huset. Det vert ikkje sett opp tørrmur i denne skjæringa. Profil 1 og 2 viser tydelig høgde på skråning frå utvendig nivå i hovedetasje til gang/sykkelveg. Det framgår her at de er i underkant av 1 meter høgdeforskjell ved nordre gavl på huset og om lag 2 meter ved søndre gavl. På profil 2 er det vist gjerde som sikring. Det er også vist gjerde ved grense mot b.nr. 146 , sjå profil 3.

Huset er sett opp innafor byggjegrensene og vi meiner at det med signert erklæring frå nabo ikkje er naudsynt med dispensasjon for å sprengje ut byggegropa som gjer det muleg både å oppføre og å kunne gå rundt huset.

På nabotomten b.nr. 146 er det etablert parkeringsplass mot grensa til b.nr. 149. Det er der sett opp gjerde og vi vil vurdere å forlengje dette som sikringsgjerde mot b.nr. 149.

Vi ber venlegast om eit snarleg svar.

Med venleg helsing  
**Ing. Taule as**  
Tlf. 51 25 85 55 Mob. 908 66 010  
Karl Atle Taule  
Dagleg leiar

Vedlegg- situasjonsplan, terrengsnitt og erklæringar.